



**Det er torsdag det blir vasslaust frå morgonen av i Korsnes-området, men stengjinga av vatnet skjer likevel ikkje før klokka 9, opplyser dei ansvarlege i vassverket.**

Det er nemlig rett og rimeleg at folk får komma seg på jobben og får sendt ungane på skulen før vatnet blir borte.

Grunnen til stengjinga er gravearbeidet som Sverre og Sigmund Myklebust har i gang som førebuing til installasjonen av reinseanlegget (biletet).

Kor lenge det blir vasslaust i Korsnes veit dei ikkje, men det er fåre for at stenginga vil vara heile dagen. Det er mykje som skal gjerast i løpet av dagen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)